

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 23.08.2018
Vår ref.: 2018/11355-8
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Oversending av kostnadsoverslag for godkjenning - Manger sentrum aust - detaljregulering - Radøy kommune

Me viser til Dykkar brev datert 29.05.18 med varsel om oppstart av arbeid med ovanfor nemnde plan. Me visar også til Hordaland fylkeskommunes sitt brev av 25.06.18 med varsel om arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av ny brannstasjon, utviding av miljøstasjon og bruksendring i eksisterande i eksisterande offentleg bygningsmasse.

Som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern er det Fylkeskonservatoren sitt ansvar å gjennomføre ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette er ein del av den lovheimla prosessen for å best mogleg opplyse saka, og for å sjå at reguleringsplanen ikkje er i konflikt med kjende eller ukjende automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

Kjende arkeologiske funn innanfor planområdet

Det er registrert eit lausfunn på gnr. 48, bnr. 5, ei kleberkølle frå eldre steinalder (Askeladden id. 90671). Denne typen gjenstandar er ofte plassert i myrer og vann/elveleier og er i den konteksten tolka som offergjenstandar.

Feltmetode

Delar av område er vurdert til å ha potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne frå steinalder nærmare bestemt mellom- og seinmesolitikum, samt dyrking- og busetjingsspor frå førhistorisk tid. Hovudfokus vil vere å søkje etter spor i dyrka mark innanfor planområdet. Metoden som nyttas vil i all hovudsak vere maskinell flateavdekking der ein grev sjakter med gravemaskin ned mot original undergrunn. Ein vil då vere i stand til å påvise eventuelle aktivitets- og busetnadsspor i form av kulturlag, åkerlag og offergjenstandar innanfor planområdet. Ein bruker flatt skjer for å grave bort dei øvste jordlaga ned mot original undergrunn. Dersom det blir påvist kull i rett kontekst vil det verte teke ut prøvar for C-14 dateringar.

Alle sjaktene vil verte fylt att når feltarbeidet er ferdig. Eventuelle følgjer etter registreringa som til dømes arrondering, tilsåing med gras, veiter som må opparbeidast, gjerder som må flyttas osv. dekkjast ikkje innanfor budsjettet til ei arkeologisk registrering, men er ei sak mellom tiltakshavar og grunneigar.

Kostnadsoverslag

Kostnadsoverslaget er kalkulert til å verte 169 567 kr. (sjå vedlagt kostnadsoverslag). Til grunn for utarbeidinga av overslaget er Riksantikvaren sine retningslinje for gjennomføring av undersøkingsplikta og

budsjettering av arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova § 9, jf. § 10 nytta. Denne vart vedtatt 21. august 2015 og oppdatert 14.11.2016.

Kostnadsoverslaget inkluderer arbeidstid til for-, felt- og etterarbeid, samt leige av bil, reiseutgifter, naudsynt utstyr, C-14 datering, gravemaskin, transport og flytting av gravemaskin.

Det er satt av 15 timar til forarbeid for prosjektleiar/feltleier og feltkoordinator. For sjølvfellearbeidet er det estimert 75 timeverk fordelt på to arkeologar i ei veke, medan etterarbeid som omfattar mellom anna handsaming av feltdokumentasjon, analysar og rapportskriving er satt til 37,5 timar for ein arkeolog i ei veke.

I felt vil det vere naudsynt med kontinuerleg bruk av ein 15-20 tons gravemaskin á kr 1200 pr. time. Prisane for gravemaskin er estimert og kan fråvike overslaget. For vidare handtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale hjå Universitetsmuseet i Bergen har Riksantikvaren bestemt at det setjast av opptil 10% av lønnskostander inklusive sosiale utgifter dersom det vert registrert automatisk freda kulturminne. I dette kostnadsoverslaget er satsen satt til 5%.

Me gjer merksam på at dersom det skulle inntreffe vesentlege uforutsette tilhøve, som til dømes meir funn enn estimert, kan det bli naudsynt å utarbeide eit revidert budsjett. Me vil i så fall varsle tiltakshavar om dette så snart som råd.

Jf. kulturminnelova §§ 9 og 10 må utgiftene til arkeologiske registreringar, som har som mål å oppfylle undersøkingsplikta, dekkast av tiltakshavar. Me gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre vert fakturert for *medgått* tid og *faktiske* kostnader. Me ber om skriftleg godkjenning av vedlagt kostnadsoverslag med opplysingar om organisasjonsnummer og signatur av ansvarleg betalar, slik at me kan sette prosjektet inn i vår feltkalender. Me gjer merksam på at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova må verte oppfylt før planen kan godkjennast av kommunen.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
MULTICONSULT ASA

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag for godkjenning - Manger sentrum aust - detaljregulering - Radøy kommune